

Kva skjer i Tromsø?

eit notat om
konsekvensane for
Tromsø av dei første åra
med høgrestyre



Innleiing

For litt over tre år siden vann høgresida valet i Tromsø. Dei vann på lovnadene om ein heilt ny kurs for kommunen der det raudgrønne vanstyret skulle avløysast av kloke løysningar for ein enklare kvardag. Eigendomsskatten skulle bort og Tromsø skulle ikkje vere med i forvaltningsområdet for samiske språk.

Det viktigaste først, sa Frp i valkampen. Nye løysingar, sa Høgre. Kva er så viktigaste for høgresida og kva inneber dei nye løysingane? H og Frp er i ferd med å omdanne det norske samfunnet frå eit samfunn der fellesskapet står sterkt til eit marknadsliberalistisk samfunn der alt skal målast i pengar. Det er den einaste verdien dei er interesserte i. I Tromsø er det no viktigare at det luktar asfalt enn at folk som treng det, har ein skikkeleg plass å bu.

Alle dei negative endringane som har skjedd i Tromsø desse tre åra, har skjedd mot SVs stemmar. Vi har argumentert mot dei negative konsekvensane av konkurranseutsetting og privatisering, mot at kommunekassa blir tømt for å fylle opp eigenkapital i den nye pensjonskassa og i nye kommunale aksjeselskap, vi har hatt heilt andre tilnærmingar til korleis skole, helse og byutvikling skal løyse oppgåvene for innbyggjarane. Utviklinga som har skjedd i Tromsø denne perioden er H, V, Frp og Krf sitt ansvar.

Men, kva har det blåblå styret egentleg betydd for innbyggerane i Tromsø? Dette notatet er eit forsøk på å gje nokre svar.

Kom gjerne med innspel til tromso@sv.no

Vil du ha gratis nyheitsbrev frå Tromsø SV på epost?

Gå inn på

<http://www.tromsosv.no/nyhetsbrev/>

og meld deg på.

Tømmer kommunekassa

Få er klar over at byrådet har tømt kommunekassa for meir enn ein halv milliard kroner. Dette er verdiar som dei folkevalde ikkje lenger kan styre over. Kontrollen er overført til styre i aksjeselskap og i den nye pensjonskassa. Styrer som står til ansvar overfor byrådet, ikkje overfor innbyggjarane i Tromsø. Dette er ei form for privatisering som vanskeleg lar seg reversere.

Byrådet i Tromsø gjennomfører to store ran av verdiane til kommunen og dermed av innbyggjarane i Tromsø. Begge delar skjer av ideologiske grunnar og ikkje fordi det er lurt. Verdi er her både pengar, men viktigaste verdien vi mistar er moglegheita til å skape politikk for velferd.

Arnestedet

Det første av desse rana er overflytting av eigedommar for 115 millionar til Arnestedet AS. Der skal eigedomane gje finansiell avkastning heller enn avkastning i form av betre velferd for innbyggjarane. Vi kan tydeleggjere dette gjennom å sjå korleis verdiane blir rekna ut. Ein av eigedomane blir overført med ein takst som er basert på at det skal byggast hus der som skal koste 45000 kroner per kvadratmeter. I den augneblinken tomta er overført til Arnestedet AS gjeld avkastningskravet på sju prosent som byrådet har pålagt selskapet. Då kan ein ikkje lenger bygge hus med ein pris folk har råd til å betale på den tomta, fordi det ville bety underskott for aksjeselskapet. Marit Rein i Nordlys seier det slik i ein kommentar 01.02.13:

Arnestedet Eiendom AS er etablert og byrådets plan er at det skal tilføres kommunale eiendommer i hundremillionersklassen. Når eiendommene blir overført til dette selskapet, er de i praksis ute av kommunen. Et AS skal styres etter aksjeloven. Og vi, folket, som opprinnelig eide verdiene, får ikke lenger innsyn i eller kan bestemme over hva som skal skje. Målet er selvsagt å tjene penger, men så langt har ikke byrådet dokumentert inntektene av manøveren.

Det viktigaste i vedtaket kommunestyret fatta i september 2013 var:

1. Følgende eiendommer overføres fra Tromsø kommune til Arnestedet Eiendom AS;

- Mellomvegen 33: Gnr. 200 / Bnr. 809; Taksert markedsverdi: kr 3.600.000,-
- Arneberg: Gnr.119 / Bnr. 448; Taksert markedsverdi: kr 3.800.000,-
- Einerhagen: Gnr. 117 / Bnr. 437; Taksert markedsverdi: kr 34.800.000,-
- Einerhagen: Gnr. 117 / Bnr. 438; Taksert markedsverdi: kr 27.000.000,-
- Fagernes: Gnr. 30 / Bnr. 225; Taksert markedsverdi: kr 2.750.000,-
- C- og B felt Storelva: Gnr. 71 / Bnr. 1; Taksert markedsverdi: kr 40.000.000,-

2. Samlet markedsverdi for alle eiendommer som overdras til Arnestedet Eiendom AS er kr 111 950 000. Etter tomteoverdragelsene vil bokført egenkapital i Arnestedet Eiendom AS utgjøre 113,9 mill.kr og utgjøre 97,2 % av totalkapitalen i konsernet.

Pensjonskasse

Det andre store ranet handlar om Tromsø kommunale pensjonskasse som startar opp 1.9.14. For å finansiere pensjonskassa har kommunen overført eigedomane Heracleum, Laureng og Slottet (Bydrifts anlegg på Skattøra) til pensjonskassa. Trikset er at kommunen skal leige bygningane tilbake og betale leige til pensjonskassa.

Her er enno mykje uklart - for eksempel kva som kjem til å skje med husleiga til dei som bur på Heracleum og Laureng. Kommunen har vedtatt at ei slik overføring av eigedomar ikkje skal koste kommunen noko - altså skal dei som bur på Laureng og Heracleum betale husleiga som pensjonskassa krev.

Det mest alvorlege er likevel at dersom pensjonskassa, som skal forvalte pensjonsmilliardane på børsen, går på ein smell slik finansmarknaden gjer med ujamne mellomrom, vil det vere fare for at eigenkapitalen går heilt eller delvis tapt.

Risikoen ved dette er skremmande. Kommunen vil bli svært avhengig av korleis forvaltninga av denne pensjonskassa blir. Med tankar om terrakommunar i bakhovudet er dette skummelt. Det vil vere betydeleg tryggare å vere medlem av ei større kasse med profesjonell drift, som KLP. KLP er eit gjensidig selskap som er eig av kundande som for det alle meste er norsk kommunar, fylke og helseforetak. Då er det fleire som deler på risikoen. Det er ein kostnad på 287 millionar å opprette ei eiga pensjonskasse for Tromsø. Det slepp vi om kommunen meldte seg inn i KLP.

Det er mogleg å seie mykje om vedtaket om å opprette ei pensjonskasse, men det handlar og om kor mykje av pensjonistane sine pengar som skal gå til å betale honorar til styret. SV hadde foreslått og fått fleirtal i finanskomiteen om å halvere honoraret til styret, samanlikna med det byrådet foreslo. Tre modige høgrekvinner stemte for forslaget i komiteen slik at det vart fleirtal for halvere honoraret, men dessverre berre i komiteen. Når vi kom til kommunestyremøtet var desse tre piska på plass av byråd og gruppeleiinga i Høgre.

Gunhild Johansen seier det godt her:

Innmelding i KLP vil spare kommunen for anslagsvis 287 mill kroner bare i etableringskostnader. Hva det vil koste å drifte en kasse er det ingen som vet. Det vi vet er at egen kasse må bære all risiko for variasjoner i utførelsegrad, endring i den demografiske sammensetningen av de ansatte (for eksempel ved utskilling i AS eller privatisering) og uttak av AFP. Ingen ting av dette er utredet.

Høyresida velger å se bort fra realitetene. For innbyggerne i Tromsø bør det være av interesse å vite om kommunens politikere til slutt velger den løsningen som er billigst, tryggest, gir mest forutsigbarhet og har landets beste kompetanse på pensjon – eller om de går for et langt dyrere og mer risikofylt prosjekt ved å etablere egen pensjonskasse.

Tromsø parkering

Det er ikkje berre arrangørane av Arctic Race som synst det er irriterande å få parkeringsbot. Og det er ikkje berre for oss andre å gå til ordføraren og få han til å betale bota med kommunen sine pengar. Tromsø Parkering gjer ein viktig jobb for å gjere byen sikker for alle som ferdes i gater og på fortau. Inntil selskapet vart omgjort til AS av de borgarlege frå 1.1.14, var Tromsø Parkering ein viktig reiskap for kommunen i

byplanlegginga. No skal selskapet drivast etter aksjeloven og har profitt for eigarane som viktigaste mandat.

SV har reagert sterkt på at Tromsø Parkering no og skal handheve politivedtektane i Tromsø og bøtelegge oss innbyggjarane for små og store overtramp. Formelt sett er det snakk om gebyr og ikkje bøter. Men for den som får dei vil det oppleves som bøter.

Dette er problematisk både fordi Tromsø Parkering blir omgjort til eit aksjeselskap, men og fordi det ikkje er laga gode ordningar for klagehandsaming. Det verste er likevel at offentleg myndigheit blir flytta ut av forvaltninga og over i eit selskap som er underlagt aksjeloven og ikkje styrt av folkevalde organ.

Då Tromsø Parkering vart eit aksjeselskap vart alle verdiane i Tromsø Parkering overført til aksjeselskapet, inkludert Fjellet parkeringshus og Seminaret parkeringshus.

Konklusjon

Så kan du argumentere for at desse aksjeselskapa er kommunalt eigde, så pengane er framleis i kommunen. Men det er ein stor skilnad på om dette er forvalta av folkevalde eller av styra i aksjeselskapa. Desse aksjeselskapa styrer ikkje etter kommuneloven, men etter aksjeloven. Den har eit heilt anna formål enn å gje folk i Tromsø innverknad på utviklinga av samfunnet vårt.

Kort fortalt. Ein halv milliard er flytta ut av kommunekassa. Styrehonorara går opp. Er det dette som er «nye idear og betre løysningar»?


Dyrare for innbyggerane

Har skattar og avgifter blitt redusert etter at dei blåblå overtok slik dei lovte? Nei, det motsatte som har skjedd. Rett nok har eigedomsskatten gått marginalt ned, med 6,7 millionar, men det meste av andre avgifter har gått opp. Tabellen nede viser utviklinga av ulike skatter og avgifter i Tromsø etter at dei borgareleg har tatt over. Den tjukke svarte streken nederst i grafen er utviklinga i konsumprisindeksen (prisutviklinga på varer og tenester), for å ha noko å samanlikne med.

Prisane på alle kommunale tenster har stige meir enn konsumprisindeksen. Det dette betyr er at vi har fått ei lita lette for dei som eig eigen bustad. Men absolutt alle, også dei som ikkje har råd til eiga hus er med på å betale kostnaden for dette gjennom at SFO, kulturskole, besøk i svømmehall, bruk av idrettshall og så vidare er blitt mykje dyrare.

Men, det er god og kjent borgarleg politikk å overføre frå dei som ikkje har til dei som allereie har.

Prisutvikling på kommunale tenester i Tromsø samanlikna med konsumprisindeks



Privatisering og konkurranseutsetting (tillit og fellesskap)

Den 19. juni i 2012 stod eit viktig slag i kommunestyret i Tromsø. Mot stemmane til SV og ein samla opposisjon vedtok høgresida i kommunestyret at byrådet fekk mandat til å konkurranseutsette all kommunal verksemd inntil ein verdi av 75 millionar per kontrakt.

Dette var eit avgjerande slag. Byrådet, bestående av Venstre, Høgre og Frp vedtok at all kommunal verksemd skal konkurranseutsettast.

Det er artig å sjå korleis høgresida sin retorikk prøver å skape eit skarpt skilje mellom



konkurranseutsetting og privatisering. Høgresida satsar på å forvirre folk med retorikk. Dei framstiller konkurranseutsetting som noko snilt, mens privatisering er noe uønska.

Poenget er at konsekvensane av begge delar er det same. Begge delar medfører at ein slepp inn private aktørar inn i viktig kommunale tenester, som heimeteneste, omsorg og sjukeheimar.

Men, du må uansett ha mange fleire byråkratar. Byrådet har allereie oppretta ei rekke sjeffsstillinger. Dei utgjer eit byråratskikt som skal drive med anbud i staden for omsorg. Det er feil bruk av ressursar og arbeidskraft i kommunen.

Når kommunestyret den 19. juni i 2012 vedtok konkurranseutsetting av alt, er det ille i seg sjølv. Pensjonen til dei tilsette er det første som ryk, men dette er nok berre er byrjinga på eit stortilt sal av kommunal verksemd. Eller kanskje byrådet ønsker at den kommunale verksemda skal rotne på rot? Då får dei jo rett, det private er best.

Forsøket på å privatisere kjøkkenet på Heracleum viser korleis byrådet lever i ei magisk verd, der alt blir billig om det blir privatisert. Ein skulle tru dei innbillte seg at det står ein

god fe og viftar med tryllestaven sin over anbodspapira. Kjøkkenet på Heracleum kostar 1,8 millionar i året å drifte. Byrådet meinte, og vi får tru at dei meinte det i fullt alvor, at dei skulle spare 1,5 millionar kroner på å konkuransutsette drifta. Innbilte dei seg verkeleg at ein i det private jobbar gratis? Dei hadde ein ide om at ideelle organisasjonar skulel ta over og jobbe gratis for kommunen. Sjølv sagt gjekk ikkje dette.

Forsøket på å legge om jordmortenesta viser at byrådet er ganske så hjelpeslaust. Dei hadde misforstått samhandlingsreformen, og trudde at dei var pålagt ei slik anbudsutsetting i staden for å halde fram det gode samarbeidet med UNN på dette området. Det var ikkje før SV fekk departementet til å forklare at det slett ikkje var slik at dei gav seg.

Det styret vi har i Tromsø no er det råaste høgrestyret i landet. Dei seier at marknaden skal styre alt.

Det verste er at dei gjer det med et generelt fullmaktsvedtak. Verken kommunestyret eller fagkomiteane skal få sakene forelagt før dei blir iverksatt. Kommunestyret skal få rapport ein gong per år om kva som er gjort. Hittil har vi ikkje fått nokon slik rapport. Det betyr at byrådet sit i "splendid isolation" og avgjere framtida til dei tilsette i kommunen. Framtida til dei gode kommunale tenestene.

Dette er ikkje konservatisme, det er rå kapitalisme.

Barnehagane

Byrådet hadde store planar om å gjere alle kommunale barnehagar i Tromsø om til eit kommunalt aksjeselskap. På den måten skulle barnehagane kunne drivast etter privatøkonomiske prinsipp. Trass i at SV og ein samla opposisjon kunne bevise at det blir dyrare for kommunen brukte byrådet en halv million på ein rapport frå PwC. Rapporten fortalte akkurat det vi hadde fortalt dei på forhånd, og rapporten var til forveksling lik rapporten frå PwC til Oslo kommune. Det blir ikkje lønsamt.

Dersom kommunen hadde omgjort alle sentrumsbarnehagene til aksjeselskap, ville det vore kostnadsnivået på distriktsbarnehagene som hadde lagt grunnlaget for overføringane til både dei kommunale ASA-barnehagane og dei private barnehagane. Dette ville vorte opp mot 60 millionar kroner dyrare for kommunen enn å halde på dagens ordning.

Etter å ha kasta bort ein halv million på ein rapport vi ikkje trengte, sette byrådet ned eit utval som skulle sjå på organiseringa av sentrumsbarnehagane. Utvalet jobba godt og grundig og kom til slutt til at barnehagane i Tromsø var organiserte på ein optimal måte. Dei hadde ingen forslag til endringar. Altså - borgarleg barnahagepolitikk tapte fullt i møte med godt organisert kommunal barnehagedrift.

Byrådet har likevel ikkje tenkt å gje seg. Dei har andre metodar som kan brukast for å få privat drift av barnehagar. Dei borgarlege har vedtatt at kommunen ikkje skal byggje nye kommunale barnehagar. Når ein kommunal barnehage vert lagd ned, skal tilbodet bli bygd opp igjen av private. Barnehagebaronane gnir seg i hendene, for det er gullkanta butikk å drive kommersiell barnehage i Noreg i dag. Systemet er som skapt for å utnyttast av profittthungrige investorar.

Private inn i eldreomsorgen

Byrådet har opna opp for private i eldreomsorgen både ved å bruke vikarbyrå i stor grad og ved å innføre såkalla fritt brukerval i heimesjukepleia. Vikarbyråa leiger ut tilsette på timesbasis til ein pris som langt overgår det kommunen betalar egne tilsette. Dessverre betyr ikkje det at dei innleidde pleiarane får same lønsvilkår som kommunen sin egne. Ved Seminaret har den store mengda vikarar ført til at kommunen har fått sterk kritikk for at blant anna rehabilitering av pasientar ikkje har halde eit godt nok fagleg nivå. Dyrt og dårleg, altså.

Og på same måte som fritt skoleval etter kort tid vart omdøpt til friare skoleval fordi det vart uforholdsmessig dyrt for kommunen, vil det snart bli avslørt at fritt brukerval i heimesjukepleia vil avgrense seg til kva for ein logo dei tilsette skal ha på arbeidstøyet. Dersom ein vil ha fleire tenester enn det som er tildelt frå kommunen, må den einskilde sjølv betale for det - akkurat som i dag.

Dei store private selskapa som fløymer inn over kommunal eldreomsorg, konkurrerer på pris blant anna ved å hente inn billeg arbeidskraft frå lavkostland. Medan høgresida vil ha fokuset over på at vi har eit altfor dyrt velferdstilbod og at eldre må betale for stadig fleire tenester, opnar dei opp for at internasjonale selskap skal få sugerøyr inn i vår skattefinansiert velferdsstat. I fjor vart det avslørt at disse selskapa i Sverige ikkje betalte skatt til Sverige, men overførte milliardprofitten sin til skatteparadis. Det er dette vi no opnar opp for.

For dei tilsette er privatisering ein skandale. Det er deira løns- og pensjonsvilkår som er utslagsgevande for kva for eit anbod som har lågast pris. Dei må til stadigheit skifte arbeidsgjevar og pensjonsrettane blir dårlegare ved overgang frå offentleg til privat pensjon. På den eine sida skryt byrådet uhemma av jobben dei tilsette i Tromsø kommune gjer, på den andre sida er dei heilt klår på at dei vil kvitte seg med dei så snart private aktørar er på plass.

Slik viser byrådet sine tilsette tillit!



Vil ta pensjonen fra 179 ansatte for å spare penger



et.
Arnhild (58) kan tape én million på kommunens sparekniv

Fo
fo
fo
Lil
de
ha
Les n

Hokandia 2

Faksimile frå nordlys.no 7.oktober 2014

Pensjonsran frå vaskarane

Den sjette oktober i 2014 kom sjokkmeldinga til 179 tilsette i Fagrent. Det er desse 179 som gjer reint i kommunen sine barnehagar, skolar og andre bygg. Byrådet ønsker å spare pengar gjennom å ta frå dei pensjonen dei har spart opp til. Finansbyråd Anne Berit Figenschou skal i alle fall ha kredit for å gje dei tilsette reine ord for pengane. Ho seier til Nordlys den sjette oktober:

- Dersom det blir et AS vil det kunne meldes inn i NHO og følge NHOs tariff. I og med at de ansatte dermed ikke lenger jobber i kommunen, men i et aksjeselskap, vil de kunne miste sin pensjonsordning. Der har kommunen en mulighet til å spare penger.

SVs gruppeleder i Tromsø, Gunhild Johansen har lang fartstid i som tillitsvalgt og reagerer svært sterkt:

Dette er hårreisende! I min lange karriere som tillitsvalgt i Fagforbundet, har jeg vært med å kjempe for at alle kommunalt ansatte skulle få rett til pensjon. Nå vil byrådet organisere disse arbeidstakerne ut av den kommunale pensjonsordningen. Det er så uanstendig at det er til å gråte blod av!

Noen av de som har jobbet lengst i kommunen kan på denne måten gå glipp av en million i pensjon og AFP. Dette er ingen gullpensjon, men noko slitarane i kommunen har gjort seg fortent til.

Dette er smålegheit, og typisk høgrepolitikk.

Skolen, dei store kutta

Det aller første dei borgarlege gjorde var å kutte leirskolen frå budsjettet. Det var lite populært blant elevane! Etter ein storm av protestar, fann byrået mirakuløst nok nokre millionar slik at ungene kunne få behalde denne viktige veka. Ellers verkar det som om hovudsatsinga til høgrefyrådet i Tromsø når det kjem til skole er å sørge for at ungene våre ikkje skal få frukt og grønt i skolen. Dei meiner det hemmar kunnskapsutviklinga dersom vi skal tru på det skolebyrå Fyhn skriv i eit innlegg i iTromsø den 7. mars 2014.

Det som er problemet i trosskolen er ikkje at elevane får litt frukt og grønt i løpet av dagen, problemet er at byrået og høgrefleirtalet i kommunestyret har kutta i skolebudsjettet sida dei kom til makta. Vi vil anta at skolebyråden har oppdaga at desse kutta har fått konsekvensar for kvaliteten i skolen og i eit febrilsk forsøk på å sette plaster på det såret ho og resten av byrået har skapt vil ho ta frukten frå ungene.

Kor store er kutta? Det er litt avhengig av korleis du reknar, men om vi skal vere snille var kutta på nesten ni millionar i 2012 og nesten sju millionar i 2013. Då dei såg at det ikkje gjekk, vart litt av dette tilbakeført i 2014. Det er ingen tvil om at skolen har vore tapar dei åra byen har vore styrt av høgrepertia. Dette betyr at det er færre lærarar som kan ta seg av ungene våre.

Det er direkte frekt å sette opp ein motsetnad mellom skolefrukt og det å satse på skolen. Det som er realiteten er at det er ein motsetnad mellom høgrepolitikk og det å satse på skolen.

Arbeidstid

Ein av dei store diskusjonane i vår har vore arbeidstida til lærarane. KS, som er arbeidsgjevarorganisasjonen til kommunae har kjempa for mindre fleksibilitet og at lærarane skal vere på skolen medan elevane har ferie. SV meinte derfor saman med opposisjonen at det var viktig at Tromsø kommune sa i frå om at i denne saka representerer ikkje KS Tromsø Kommune. Det ville dessverre ikkje høgresida i kommunen vere med på.

Forslag i kommunestyret 26. februar, nedstemt med 25 mot 18:

KS vil fjerne de sentrale bestemmelsene i arbeidstidsavtalen for lærere som sikrer tid til for- og etterarbeid. De vil spre lærernes arbeidstid fra dagens 39 uker til opptil 45 uker. Lærerne skal altså være mer på skolen når elevene har fri - og mindre når elevene er på skolen.

Tromsø kommune anser KS' forslag som en provokasjon mot lærerne og en trussel mot kvaliteten i skolen. Dagens avtale skjærer for at kommuner med dårlig råd kan kutte i budsjettene ved å pålegge lærerne mer undervisning og mindre tid til forberedelser og etterarbeid. Uten sikringer for dette risikerer man at det i realiteten blir kommunebudsjettet, og ikke elevenes behov for god undervisning, som kommer til å styre lærernes arbeidstid og arbeidsoppgaver. Resultatet blir at elever i landet vårt ikke lenger får et likeverdig skoletilbud.

Det er et angrep mot den norske enhetsskolen.

Tromsø kommune frykter at forslaget til KS vil gi lærerflukt og bidra til lavere rekruttering. I dag underviser mer enn 10.000 personer i norske skoler uten å ha lærerutdanning. Dårligere rammebetingelser i arbeidstidsordningen vil

verken bidra til å bøte på dette eller gjøre yrket mer attraktivt.

Drøyt 15 prosent av lærerne i Norge – 12 000 lærere – er 60 år eller eldre. 7 200 er 62 år eller eldre og kan dermed førtidspensjonere seg allerede i dag. Mange truer med å gjøre nettopp dette dersom KS sitt forslag til arbeidstidsavtale for undervisningspersonale får gjennomslag.

KS sitt forslag til ny arbeidstidsavtale for lærerne innebærer et angrep på lærernes forhandlingsrett. Når arbeidstidsordninger forflyttes fra demokratiske forhandlingsprosesser til lederes styringsrett, basert på kommuners økonomi, fjernes en forutsigbar arbeidstidsordning og erstattes av lederholdninger og økonomiske tilfeldigheter. Dette tjener ikke den norske enhetsskolen. Tromsø kommune ber derfor KS om å trekke forslaget.»

Byrådet i Tromsø meiner altså det same som KS måtte gje seg på i forhandlingane ,ed lærarorganisasjonane i haust.

Bustadpolitikken i Tromsø

Dei siste åra har bustadprisane i Tromsø gått gjennom taket. Mange slit med å ha råd til å bu i byen vår. Dette er kanskje den største utfordringa vi har i Tromsø. Ein skulle derfor tru at det sto høgt på prioriteringslista til byrådet å gjere noko med det. Dessverre er ser det ikkje slik ut.

Byrådet har gjort to ting med bustadpolitikken. Dei har overført tomter til det kommunale selskapet, Arnestedet as. og dei har lansert ein nipuncks bustadplan.

Arnestedet er handsama tidlegare i dette notatet. Og det ligg fast at prissettinga av tomtene som vart overførte frå kommunen gjer det umogleg å bygge billige hus på tomtene.

Bustadbyggeplanen til byrådet er ein papirtiger. Hovudinnhaldet er at det skal bli lettare å få bygge hybelhytter i hagen. Det vil ikkje løyse problemet. I tillegg skal det å bygge ned jordbruksjord bli enklare. Ingenting av dette tar tak i det store problemet. Det blir bygd for lite og det blir bygd for dyrt.


Det er ferdigregulert areal for mange tusen bujeiningar i Tromsø. Likevel blir det ikkje bygd nok. Ein av grunnane kan vere at tomteeigarar ventar på enno høgare prisar før dei sel.

Det dette betyr er at vi har ein openbar marknadssvikt. Då må kommunen gripe inn, med ekspropriasjon om naudsynt.

SV har foreslått to konkrete prosjekt for å gjere noko med bustadprisane. Det første er at kommunen umiddelbart skal bygge 200 utleigebustader for dei mest sosialt vanskelegstilte i byen vår. Det andre er at kommunen bør låne ein milliard og bygge rimelege bustader for. Desse kan kommunen selge, og deretter reinvestere milliardten til enno fleire nye bustader.

Denne typen kraftfulle grep blir ikkje mogleg dersom ein meiner som Høgre og Frp, at marknaden skal løyse alt.

Denne grafen viser ferdigstilte bustader i Tromsø dei siste åra:



Demokratiet i Tromsø

Det famøse vedtaket i juni 2012 der byrådet fekk fullmakt til å privatisere alt av kommunale tenester utan å gå vegen om kommunestyret, førte til at opposisjonen og store delar av fagbevegelsen gjekk saman i ein allianse som vi har kalla «Vi Bryr Oss». Alliansen har som formål å synleggjere dei negative konsekvensane av privatiseringspolitikken i Tromsø overfor befolkninga.

«Vi Bryr Oss» har arrangert fleire folkemøter, og i mars 2014 var det parlamentarismen i Tromsø som sto på dagsorden. Dette trollet av eit system håper vi sprekk i møtet med veljarane om eitt år.

Utgangspunktet for diskusjonen var ein ny rapport frå Universitetet i Nordland på oppdrag frå Kommunaldepartementet. Rapporten viser den nakne sanninga om Tromsøparlamentarismen:

Var det grunnlag for denne skarpe kritikken fra representantene tilhørende opposisjonspartiene i Tromsø? Sammenlignet med det vi har sett for Oslo, vil svaret bli ja. Hos byrådet i Tromsø finner vi ikke den raushet som karakteriserer byrådet i Oslo. Rådet må sies å være stort, med seks byråder, en mer enn man ble enige om i planen for innføring av parlamentarisme. Hvert byråd har også en politisk rådgiver, slik at det til sammen er 12 politiske stillinger tilknyttet byrådet. Ordføreren tilhører Høyre og har også en politisk rådgiver. Dette gir en formidabel kapasitet sammenlignet med politikerne i opposisjonspartiene i kommunestyret. Med innføring av parlamentarisme i en polarisert politisk kultur risikerer man, som i Tromsø kommune, at posisjonen utnytter sitt flertall til å sikre seg ressurser og kapasitet som gjør det mulig å nærmest eliminere opposisjonen. På sikt gir dette ingen god politikk, fordi det bare blir byrådsidens ideer og standpunkter som får gjennomslag. Med breiere flertall og mer åpenhet i debatten ville vedtakene bli bedre. (side 50)

...

En sammenligning av byrådenes formelle politiske kapasitet i Bergen og Tromsø kan tjene som en avsluttende illustrasjon. I Bergen er det 14 heltidsstillinger tilknyttet byrådet, i Tromsø 12. Når vi vet at Bergen november 2013 har 270.000 innbyggere, og Tromsø 70.000, så illustrerer dette hvor kraftig majoritetsstyringa er i Tromsø, og ikke minst hvor dyrt det politiske styringssystemet der er blitt. (side 56-7)

Ein ting som Universitetet i Nordland ikkje har gått inn på, er at tromsøvarianten av parlamentarismen tilgodeser byrådsida med alle ressursar, noko som skil oss frå Oslo og Bergen fundamentalt. I Oslo har ordførar/bystyre ein administrasjon på 44 personar, i Bergen tel dei 20. Dei folkevalgte har ressursar til å utvikle politikk, drive eiga saksbehandling og kunne kontrollere måten byrådet følgjer opp vedtak gjort av kommunestyret. I Tromsø har kommunestyret ingen administrasjon og det er det ein total ubalanse mellom byrådet og kommunestyret. Det er byrådet som er sekretariat for kommunestyrets komitear og alt anna enn kommunestyret. Dette er eit fundamentalt brot på den parlamentariske modellen og har fråtatt de folkevalgte alle moglegheiter til å påverke beslutningsprosessen.

Modellen er ein ting - korleis det borgarlege fleirtalet forvaltar makta si er ei anna sak. Kommunestyret har delegert vide fullmakter til byrådet. Høgresida har flytta beslutningsprosessen inn i dei lukka rom. Byrådet handsamer saker utan offentleg debatt fram til vedtak blir fatta i møter uten debatt. Informasjonsulikheita mellom posisjon og opposisjon blir stor. Ei slik delegering kunne ikkje skjedd i ein formannskapsmodell.

Mangelen på demokrati utgjør det største problemet i Tromsø. Det skjer mykje i kommunen, men ikkje i komiteane og kommunestyret. Komiteane har nesten ikkje saker. Det er ikkje eit nybegynnerproblem. Det heiter at vi må vere tålmodige, for sakene må førebuast godt før dei blir sendt vidare. I Tromsø har byrådet fungert i snart tre år og det er meir sakstyrke enn nokon sinne i komiteane. Grunnen er openbar - det meste kjem ikkje lenger enn til byrådet. Her blir avgjerdene tatt og vedtakene effektuert. Effektivt? Ja. Demokratisk? Nei.

Dei sakene som kjem til kommunestyrets komitear har ei innstilling frå byrådet. Det er slik det også fungerer i Oslo og Bergen. Men det er ein stor forskjell som mange ikkje er klår over. I Oslo og Bergen følgjer den faglege innstillinga frå administrasjonen med saka, slik at politikarane i komitebehandlina og i kommunestyret kan vurdere om byrådet si innstilling er i tråd med eller i strid med de faglege anbefalingane. I Tromsø instruerer byrådet den faglege ekspertisen og bestiller ei fagleg anbefaling som er i tråd med deira politikk. Komiteane og kommunestyret får berre vite kva byrådet meiner, ikkje kva faglege anbefalingar administrasjonen ville gjeve oss. Det er eit system som minner om regime vi ikkje liker å samanlikne oss med.

At byrådet vil ha det slik, er jo ikkje til å undrast over. Dei har sett seg sjølve i ein drømmeposisjon der dei styrer alt av saksforberedelser og meningar. Det som er verre er at partia dei representerer sluttar opp om denne totalitære haldninga.

Parlamentarismen er både dyr og udemokratisk.

Vi har rett og slett vanskar med å sjå kva vi skal med den parlamentariske styringsmodellen i Tromsø.



Berre litt makt i denne salen?

Avslutning

Dette notatet har ikkje tatt for seg alt Høgre, Frp og Venstre har foretatt seg dei åra dei har hatt makta. Det er likevel tydeleg at høgrefleirtalet i Tromsø driv byen og kommunen i feil retning. Ei retning som vil føre til større skilnader mellom folk. Skilnader mellom dei som kan betale for seg og dei som ikkje kan betale. Aller tydelegast ser vi dette på kultur- og idrettstilbod. Den kraftige veksten i prisane på kulturtilbod og bruk av idrettshallar og liknande fører til at ikkje alle vil ha råd til å delta på tilbod som i utgangspunktet skulle vere for alle.

For å få dette til har dei skapt lukka politiske institusjonar for at det skal bli så lite debatt som mogleg om endringane.

Tromsø SV inviterer alle gode krefter til samarbeid om å skape eit nytt politisk fleirtal i Tromsø etter valet i 2015. Vi vil gjerne ha deg med på laget.

Dersom vi skal vinne treng vi både folk og pengar. Vi vil gjerne ha deg som medlem.

Besøk oss gjerne på www.tromsosv.no

